



**Linedance har vore ein fast post på programmet i Helgheim i ei årrekkje og no går danseguppa inn i ein ny sesong. Det var'11 aktive med ifjor haust, men no håpar dei på fleire som vil dansa under instruksjonen til Hilde Skåla,**

Startdagen er måndag og det skal dansast frå klokka 19 til 21. Tilbodet er ope for nybyrjarar både denne dagen og 20. januar.

Som før er det bedriftsidrettslaget i kommunen som står bak men ein treng ikkje å vera medlem i laget eller tilsett i kommunen for å bli med.

- Kom til rytmisk, fin, morosam og sosial aktivitet, lyder appellen frå arrangøren.

På biletet over er dansen i full gang ein gong i 2010.

Foto: Ola Matti Mathisen